



# Møtereferat

Møte i AU

01.06.2016, kl. 20:00 Flo-stova, Campus

Innkalt:	Referat sendt til:
Cecilie Løvlid - leiar	Cecilie Løvlid –leiar
Lilly Schøyen – nestleiar	Lilly Schøyen – nestleiar
Jan Erik Weinbach	Jan Erik Weinbach
Svein Haagård	Svein Haagård
Tommy Harjo	Tommy Harjo
Tonje Norheim Tangerud	Tonje Norheim Tangerud
Kristine Celius	Harald Hjermann

## Saker:

### 1) Prioritering av saker framover

Følgjande saker skal prioriterast:

- a. Medlemslister (Jan Erik og Tommy)
- b. Oppfølging av saker
  - i. Fleirbrukshall (Tonje)
  - ii. Kvåle Stadion
  - iii. Hodlekve/Rindabotn (Lilly)
- c. Oppfølging av diverse avtalar (Cecilie og Lilly)
- d. Politiattester- rutinar (Kristine)
- e. 17. mai-feiringa treng eit større budsjett. Dette må vi jobbe for å auke. Per i dag er det 40 000 kroner + 10 000 kroner i pengar til lyd.
- f. Kleskampanje (Jan Erik)

### 2) Rutinar for innhenting av politiattestar

- AU må lage ei skriftlig rutine (dele ut perm) til gruppeledarane som sørger for at alle har oversikt over at alle har oppdatert politiattest. Ein politiattest er gyldig i 3 år.
- Gruppeledarane må gis info på første styremøte over sommaren 2016.
- Cecilie sjekkar med idrettskrinsen om dei har gode rutinar som vi kan overta. Om ikkje ordnar vi det sjølv.
- Lilly påteke seg å ordne med permar m/ rutinar og diverse info til kvar gruppe om mellom anna forsikring, medlemskap osv.
- Kristine tek på seg ansvaret for å være den i styret som signerar på formålsskjemaet som skal sendas med søknaden om politiattest. Cecilie er vara.

### 3) Godtgjersle styremedlemar

AU har 100 000 kroner til fordeling.

Styret vedtok følgjande fordeling for 2016:

- Leiar 40 000 kroner
- Nestleiar 20 000 kroner
- Vanlige styremedlemar 5 000 kroner
- Ekstra til medlemsansvarleg 10 000 kroner - deles på Jan Erik og Tommy i 2016
- Ekstra til hallansvarleg 5 000 kroner

4) **Møte med sponsorane**

Jan Erik er sponsoransvarleg. Alle sponsoravtalane er signert av Jan Erik og Cecilie og dei to skal delta på møta med sponsorane. Det må gjennomførast enkeltmøter med kvar sponsor. Dette vil skje tidlig haust 2016.

Au vedtok å foreslå å møte sponsorane til å komme å møte oss på **frivilligdagen**. (Dato som er foreslått er 17. eller 18. september 2016. Dette vil truleg avklarast innan 10. juni).

Jan Erik sender e-post til sponsorane og orienterer.

5) **Ymse**

- Sognahallen AS
  - Etter avtale mellom SIL Tribunen A/S og Songdal Idrettslag skal SIL ha eit styremedlem i Sognahallen Eigedom A/S, som sidan har endra namn til Sognahallen AS.
  - AU ønsker at Svein skal sitte som styremedlem i Sognahallen AS. Svein takket foreløpig ikkje ja, men skulle tenkje på det.
- Løveleikane - *Cecilie orienterte*
- Generalforsamling Sogndal Skisenter Drift (SSD) og Sogndal Skisenter Eigedom (SSE) – *Cecilie og Lilly orienterte.*
- Hodlekve/Rindabotn- *Cecilie og Lilly orienterte*
- Fleirbrukshall - *Tonje orienterte om møte med Senterpartiet måndag 30. mai 2016*
- Kvåle Stadion - *Cecilie orienterte. Sogndal kommune har sendt søknad til kulturdepartementet om å leggje kunstgras på Kvåle stadion, som ikkje tek omsyn til to vedtak frå SIL frå 2014 og 2015 om at kastegrop er ei føresetnad for at det skal leggjast kunstgras. Verken SIL eller Idrettsrådet ble orientert om søknaden på føreand. Spørsmål om kva som skjer med kastegropa. Prinsippak for Friidrettsforbundet. Vil truleg ikkje bli lagt kunstgras. Mangelen på informasjon er i strid med avtalen mellom Sogndal kommune og Idrettsrådet.*

01.06.2016

Kristine Celius  
-sekretær-

